

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 20.09.18  
**SAKSHANDSAMAR:** Haldis Lier  
**SAKA GJELD:** NPE saker i Helse Fonna

**STYRESAK:** 56/18

**STYREMØTE:** 27.09.18

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) skal sikre pasientar som har fått skade etter feilbehandling erstatning for økonomisk tap og varige mein. Dei siste fem åra er det utbetalt 3,6 milliardar kroner i erstatning til pasientar og pårørande og 5016 erstatningssøkjjarar har fått medhald, syner ein ny rapport utarbeida av NPE. <sup>1</sup>

Vilkår for å ha rett til erstatning er:

- helsehjelpa er årsak til skaden
- skaden må som hovudregel skuldast svikt ved helsehjelpa. Det vil sei at helsehjelpa ikkje har vore i tråd med gjeldande medisinske retningslinjer og prinsipp på behandlingstidspunktet. Unntaksvis vert det gitt erstatning sjølv om det ikkje føreligg behandlingssvikt. Dette gjeld særleg dersom skaden er spesielt stor eller uventa og ikkje er eit utslag av risiko som pasienten må akseptere.
- skaden må som hovudregel ha ført til økonomisk tap
- skaden må ikkje vera for gammal.

Erstatningssummen vert fastsett etter allmenne erstatningsrettslege reglar. Erstatningsutmålinga er individuell, og skal først og fremst dekke direkte tap eller utgifter ein har fått som følgje av skaden. Dersom skaden er varig og omfattande, kan ein i tillegg ha rett til meinerstatning.

Føretaka har plikt til å informere pasientar/ pårørande om høvet til å søkje erstatning i NPE.


### Nøkkeltall for NPE

<b>NPE (offentleg helseteneste)</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Mottatte erstatningskrav	4902	5010
Medhald	1200	1057
Avslag	2708	2737
Prosent medhald	31	28
Utbetaling (millionar kroner)	948,4	948,3

### Mottatte saker

NPE tok imot 3735 saker frå dei regionale føretaka i 2017, ei auke på 4 prosent frå 2016. Helse Vest hadde ein liten auke i saker frå 2016 til 2017, medan det for Helse Fonna var stabilt tal på saker frå 2016 til 2017.


I tabellen under ser ein utvikling i tal på saker dei siste fem åra i Helse Vest og i Helse Fonna.




## Utbetaling av erstatning

Utbetalingane er korrelert til og rekna ut frå tapt arbeidsforteneste. Har skaden medført arbeidsuførhet, skal erstatninga dekke inntektstap. Naudsynte og rimelege utgifter som følgjer av skaden skal også dekkast av erstatninga. I tillegg har pasienten rett til meinerstatning dersom skaden har ført til varig mein på minst 15 % medisinsk invaliditet. Det kan gå fleire år mellom innmeldt sak og erstatningsutbetaling – særleg i tilfelle der det er naudsynt å følgje pasienten over tid for å kunne bedømme kor stor skaden er og kva følgjer den får. Vi ser særleg eksempel på dette innan fødselshjelp med skade på barnet. Forseinking i erstatningsutmåling og tilfeldige opphopingar av saker som medfører store utbetalningar fører til store variasjonar frå år til år. Utbetalingane vil difor i stor grad svinge frå år til år.

Erstatningsutbetaling i Helse Vest frå 2013-2017:



Erstatningsutbetaling i Helse Fonna frå 2013-2017:




Helse Fonna – erstatningsutbetalinger 2017 fordelt på fagområde:

Fagområde	Erstatning	Egenandel
Anestesesiologi	0	0
Blodsjukdommar	0	0
Endokrinologi og metabolske forstyrningar	343 000	22 350
Førdøyelsessjukdommar	0	0
Føde	3 326 631	100 000
Fødselshjelp og kvinnesjukdommar	0	4 950
Gastroenterologisk kirurgi	8 538 000	100 000
Generell kirurgi	30 000	12 448
Hjertesjukdommar	2 130 000	0
Infeksjonssjukdommar/venerologi	1 441 000	200 000
Karsjukdommar	0	0
Lungesjukdommar	0	0
Nevrokirurgi	0	0
Nevrologi	4 241 552	113 395
Nyfødtmedisin	0	0
Nyresjukdommar	0	0
Ortopedi	8 673 368	323 687
Plastikkirurgi og kosmetisk behandling	530 000	0
Psykatri/psykologi	250 000	49 291
Svulstar og kreftsjukdom	1 620 000	71 968
Urologi	0	0
Øyre-nase-halssjukdom	0	0
Augesjukdom	0	0


### Medhald og avslag

28% av sakene frå dei fire regionale føretaka fekk medhald i 2017. I Helse Vest fekk 23% av sakene medhald og i Helse Fonna 21%. Svikt i behandling er den hyppigaste årsaka til medhald (56,6 % for alle saker), svikt i diagnostikk den nest hyppigaste (27,4%) og smitte eller infeksjon den tredje største årsaka til medhald (10,9%). Tabellane under syner fordeling mellom ulike vedtak (medhald, avslag, avvist) i Helse Vest og Helse Fonna frå 2013-2017:

Helse Vest:



Helse Fonna:



### Medisinsk område

Ortopedi, svulstar og kreftsjukdomar står for 60 % av alle sakene med medhald.

I Helse Fonna var 8 av 22 saker som fekk medhald innan ortopedi, og fem innan svulstar og kreftsjukdom i 2017. Innan psykiatri/psykologi var det behandla fire saker frå Helse Fonna i 2017. Ingen fekk medhald, to fekk avslag og to blei avvist eller henlagt.

### Oppsummering/konklusjon

Talet på nye saker frå Helse Fonna har vore nokså stabilt dei fem siste åra. Det er ortopedi og svulstar og kreftsjukdom som har den største delen av saker som får medhald i Helse Fonna, slik er det også i landet forøvrig.

Det er viktig å lære av NPE-sakene. Sakene vert utgreia og handsama internt i linja, og blir drøfta i kvalitetsutvalet. Klinikane brukar NPE-sakene aktivt i sitt kvalitetsforbetningsarbeid. Materiale frå NPE vert også nytta i det regionale pasientsikkerheitsprogrammet.

Kjelder:

<https://www.npe.no/no/pasientsikkerhet-og-statistikk/statistikkportal-helsepersonell/>

<sup>1</sup> [https://www.npe.no/globalassets/dokumenter-pdf-og-presentasjoner/rapporter/npe\\_arsrapport\\_2017\\_web.pdf](https://www.npe.no/globalassets/dokumenter-pdf-og-presentasjoner/rapporter/npe_arsrapport_2017_web.pdf)